

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Nord Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Stjørdal.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag:

Oppskr. av: Bjarne Værnesbranden

Gard: Værnes branden.

(adresse): Hell p.o.

G.nr. 107 Br.nr. 104.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Denne utgreidinga er ikkje etter eiga røynsle, men etter samtale med desse:

Olav Håvås (f. 1860), Stjørdal, husmann.

Ola O. Hopstad, (f. 1864) Stjørdal, kårmann.

Ivar N. Værnes^{branden} (f. 1876) Værnesmoen, Stjørdal, målar og småbrukar.

Peder J. Opem (f. 1884) Stjørdal, gardbrukar.

Olaf A. Hopstad (f. 1895) Stjørdalshalsen, smed.

2

Transport av høy.

1. På husmannsplassar og småbruk der ein ikkje har hest, vert høyet transportert på trillbare eller handvogn, eller det vert borte i tåug. På større gardar brukar ein hest og vogn. Slått i utmark brukas ikkje lenger i Stjørdal herad, det vart vel avlagt litt med kvart etter at dei byrja å så i grasfrø på åkrane, så etter hundreårs-skiftet har det vel ikkje vore noko serleg utmarksslått. Elisius Huisås som har vori husmann under Opem, minnest at Halvor Opem (+ 1882) brukte å slå på ei myr ved Sletsjøen, ho vart kalla „slåttmyra“, og det stod ei høyluddu der. Husmannsplassar og småbruk hadde oftest lite fôr heime, difor måtte dei halde på med slått i utmark lenger enn dei andre, om dei da låg lagleg til. Rude på Værnesmoen, der og oppteiknaren høyrer heime, var det vanleg at dei som hong til det, fekk slå på eksenserplassen. Det hadde vori slik heilt frå 1888 då garden Værnes gard vart seld til militæret, men frå 1940 vart det stilt, da heile moen vart utplauert til flygeplass. Ein annan slått ein kan nemna, er å „slå på linan“ d.v.s. på skraningane frammed jernvegplissene. Det er mykje brukt av dei som har lite fôr. Slått på „fila“ har halde seg lenger enn utmarkslåtten, i ein skilde år når det er dårleg fôr heime, vert det slege på myrer og setervoller, såleis i 1936. Peder Opem er vel den einaste i Stjørdal som framleis driv av- visst med slått på vollen. Ein som ikkje har hest, må låne hest til å

3

få heim høyet sitt med.

2. For å få høyet fram til stakk, liddū, hesje eller tørkeplass, brukar ein å bera det i kjemmer eller i tæig. Ein kan og bera det på to stenger, eller draqa det på hullbare eller handvogn. Når ein skal „bæra kjemma“ lagar ein „storkjemma“, omlag ein meter lange, og så fjukke at dei går over kneet. Ein brukar da „kjemniv“ med stutt skaft. Med riva presser ein ihop kjemma, så tek ein ho på aksla og og ber ho på kant, medan ein står ho med riva. Det er ei kunst å få det til, ein må passe på at ikkje kjemma „kalvar“. Når ein skal bera med tæig, legg ein det dobbelt med på jorda. Høyet vert kjemma og lagt på, så tek ein tæigendane og tred dei gjennom lykkja på andre enden og strammar at. Når ein ber „høybøta“, held ein tæiget over sine skuldra. Er det litt bakket leude, hjelper beraren seg sjølv med å få bora på nakken, ved å setja seg på hæk nedom bora. Er det flatt, må ein hjelpa trau, hjelparen står oftart attanfor. - Dei andre reidskap til høytransport som er nemnt i spejelista: bærsvalk, topp, sløe, meis, løypesteng, kipe, o.s.b. er ukjente i Stjördal herad, da det for det meste er flatleudt over alt. Men Olaf A. Hopstad fortel at det leigre oppi i Stjördalsdalføret, Flora i Hegra, vart brukt „å slo' høye“ på ein bratt slättekeig dei kalla „helute“. Dei hogg med eit pær olderte, lessa høy på dei, og drog det nedover. Dei lessa framandfrå, omlag eit lass.



Arbeidsdelinga var i regelen slik at karane bar høyet, kvinnfolka var med og raka det ihop

4
og raka etter det som fall ned. Dessuten
mätte vel og boma frå plassane tidleg
vera med og hjelpe til.

Trillebøene vert og nytta til høykøying.
Dei har lange, rette armar med lang platt,
(statbår) og ein kant framover mot hjulet.
Børe med tverrke kan vel vera nytta; men
oftast berre to lange stenger, høyet vert lagt
på og bunde fast med tåeg. Dei vert brukte
berre av vaksne. - Den reidskaperen som er
nemnt i spyjelista som ligg nede på jorda,
er ukjent her i bygda.

3. Høyet frå utmark, myrer og seter-
voller vart køyrt heim på vinterføre.

4. Til høykøying no for tida brukar
gardbrukarane langvogn og firhjulavogn,
tidlegare brukte ein og trøysslede. Lengda
på høysleden var omlag 4 alen, breidda
litt over ei alen. Ein har fått guide på
to typar av høysledene.



kan køyrast begge leier.

Under meiene på sommarsledene vart det slege fast „slitdrag“ av tre, det vart utskifta når det var utslite. (På vintersledene var det jarnskeuger under meiene.) Dei hadde mange hølplader på kvar gard, minst 10-12. Fyrst vart alle sledene pålessa, og deretter køyrt inn med „beite“ (to hestar). Til å binde fast basset (= 10 storkjemmā) vart brukt „høybjynnsa“. Det var ein hekrok med hal i bae endane. Frå desse gjekk det vidjeband som var festa på sleden. Millom desse to vidjebanda var det og bünde vidjer på tvers så det vart som eit nett („neistunga“). Det var „høybjynns“ både for og bak, så vart det bünde taug millom dei. Høyet vart kjemma før det vart lagt på, eit lass var 10 „storkjemmā“ (opå høyet 12.)

Hjulsleden er ikkje kjent her. Det er heller ikkje høyrte noko om at dei har nytta ordet „slede“ om høyvogn med hjul. Nokre reglar om kvar ein fekk køyra med meier (hjul) eller ikkje, kjemmer ein ikkje til.

Hølpladen gjekk ut av bruk alt før 1890-åra, men han heldt seg lenger på ymse stader der det var bakket. Dei trüdde ikkje vognene var noko beke, av di ein ikkje fekk stana i bakken og kvila. Det var laugvogn som fyrst vart nytta, seinare kom firkjilavogna, ho vert mest nytta på flata. Det var inga serleg vogn som vart nytta til korn- eller høykøyring, men ei vanleg arbeidsvogn med grind. Elisius Slusås fortel at dei ikkje nytta grind i fyrste tida, men hadde „høybjynnsa“ attå og framma som på sleden. Ola O. Hofstad fortel at ein og nytta terøter attå og framma på vogna, i staden for grind.

6

Elles seier Peder J. Opem at den grindtypen som fyrst vart teken i bruk, med grunder heilt rúndt, er den same som vert nytta i dag.

Einaste skilnaden kan vera måten å laga dei på eller festa dei i hop på vogna. Det er og ein del som har grind berre atta og framma på vogna, helst på firkjølavogn. Besse desse typene vert kalla "høygrinnsje".

Forsillinga på firkjølavogna er slik at akslinga, med to små hjul, kan swingast. Ein veit ikkje av nokon regel om det siste lasset skulde vera større eller mindre, det vart vel som det høva. Ein var svært nøgje med å få med kvart eitt strå, iegen ting skulde leggja att.

Lasset vert no festa med tång og stong. Høytaug er ikkje kjent. Stong vert nytta når ein har grunder berre atta og framma, eller nytter ein reip, eller ein kallar det "otreip". Å feste lasset slik kallast "å reip". Skilnaden mellom hovolda (.at.derä) til byrda vanleg taug (reip) og "otreip" er den at dei er større og sterkare på "otreipa" ("reipatder").

Høvet millom høystakken og lasset måtte vera slik at ein fekk berre heile lass av ein stakk, eitt eller fleire. På myrene der det var mindre gras, var det vanlegast med eitt lass i stakken "lass-stakk". På setervollene künde det verta fleire lass i stakken. Ein måtte rekne út kor mange det var for at ein künde ta med alt i ein vending. I eit vinterlass var det minst 2 sommerlass.

På småbruk og plassar der det ikkje fins hest, nyttar ein og handvogn til å dra inn

7

höyet på Olaf Hopstad fortel at gamle Edvard Hopstadöva hadde ei vogn som var svart einfelt laga. Det var to lange olderstraugar til armar, og med nokre tværstenger som var slege ihop til platt. Dette var lagt på ein aksling med hjub. På sidene mot hjula hadde han slege fast straugar som var bøygde i ein halvruindring. Det var for at ikkje höyet skulde koma bort i hjula.

5. Når det var jelleslitt måtte ein køyre heim kvar sitt, for höyet vart delt for det vart stakka eller hatt inn i luddu, dei hadde da og kvar si höyluddu, eller sette opp kvar sin stakk. Olaf A. Hopstad fortel om ein gamal delingsmåte som jo Håvireina brukte på ei høpung oppe i Brenna. Dei som "seta" höyet skulde leggja ei kjemne til kvar side av seg, slik at det vart to like store "seta" av det. Påleis vart det gjort over heile jorden, det vart da ståande to og to "seta" i lag, og dei måtte alle venda same leia. Når dei skulde dela, tok ein av dei kniven sin og la han millom to "seta", så den andre ikkje såg korleis han låg. På vart den andre spurt om han vilde ha "kniven" eller "skaftet". På han "kniven", fekk han alle setan som låg på den sida knivbladet peika mot, i motsett fall vart det dei på andre sida.

6. Höyet frå meyer og selevoller vart helst køyrt heim på etterjuls vinteren, når det høvde best med vev og fjør. Dei brukte å fara i lag, og dei måtte køyra fremst og

bryta seg kvar sin gong. Når dei kom fram til stakken, trampa dei sleden ned i suoen, så platten kom jämt med suöflata. På vart det måka opp suö på sidene som vart skiidd utover, så lasset vart kvessa, da vart ikkje höyet liggjande medåt på sidene. Reipa vart lagt ut tvartover, eitt i midten, "merripe" og to på endene, "evynreipa".

Atta og framma vart det festa "höybjymna", og dei vart og lagt ut. På vart det lessa og trampa, til ein hadde lass. Det vart og hogd "höyvedja", 8 straugar, det vart lagt 4 skykkje på kvar side, for reipa vart bündet over, så dei kom til å leggja under reipa med toppendane fram. Når ein hadde fått lass, vart lasset "slaggå", ein batt reipa over bene laust. På tok ein ein tak i "höyvedjan" på sidene, og drag dei oppetter sidene av lasset, den fyrste opp til knet, den andre til skrevet, og den tredje til brystet. Deretter var det å reipe åt til gagus. Reipa vart lagt slik at "reip-aldra" på "merripe" var på ei side for seg sjölv, og på endreipa på den andre side. Den som var tyngst i baken måtte heugja seg på "merripe" og stramme det til gagus, for det skulde strammast mest. Lasset skulde vera trøpt på endane, difor måtte ein leggja på litt höy der for ein batt over "höybjymnan". Til slutt vart lasset pakka godt på sidene med ökseskaflet. Når ein köyde heim slike lass miste ein ikkje eit einaste strå, og om ein velte med lasset gjorde heller ingen ting. No brukar ein stöttinggar med höygrind og lang platt i staden for langside.